



Kyrkjekoret Nordsang saman med kantorane Pavel og Eva, ved inngangen til heimen deira i Odda.

Kyrkjekoret Nordsang avslutta vårsesongen med tur til Odda som gjester i heimen til kantorane Pavel Cabala og Eva Megyesi. På Rødna, høgt og fritt over sentrum i industribyen, finn vi funkishuset med hund i hagen og med eige kyrkjeorgel i stova. Korsongarane fekk oppleve ei gild stund med musikk og ny kunnskap om heimbyane deira Elblag i Polen og Arad i Romania.

Pavel Cabala kjem frå byen Elblag, aust for Gdansk og nær grensa til Russland med Kaliningrad som den største byen. Byen Elblag vart bomba og mest utsletta i krigsåra. No vert den gamle byen bygd på nytt på gamle tomter. Pavel er kantor i Odda med ansvar for tre kyrkjer, Skarde, Tyssedal og Odda.



[Eva Megyesi spelar på husorgelet deira, eit nederlandsk produsert Johannus orgel, kjøpt i 2007.](#)

Eva Megyesi kjem frå byen Arad i Romania, der ho jobba som kantor frå 1994 fram til ho flytta til Kvinnherad i 2012. Eva vaks opp i grenseområde mellom Romania og Ungarn. Foreldra hennar var ungarske statsborgarar sjølv om dei begge er frå Romania. Mora kom faktisk frå Transilvania, eit stort fjellområde med eige språk. Eva og broren var fødd rumenske med rumensk statsborgarskap. ID kortet hennar syner at ho er rumensk statsborgar, men med ungarsk nasjonalitet. Den siste grensereguleringa skjedde over natta. Ho fortel at ein ven var på ein fest der han la seg i Ungarn og vakna i Romania.

Eva var ferdig på musikk vidaregåande skule i 1982 og Musikkakademiet i 1990. Ho flytta frå Romania til Ungarn i 1998 og pendla i 14 år på jobb mellom to land, to kyrkjer og to skular, ei reise på 35 km. Eva vart rekna som ei musikalsk barnestjerne og fekk tidleg oppdrag i byens filharmoniske orkester.

Tysdag 11. juli er ho attende i heimbyen Arad og skal ha eigen konsert i kyrkja. Ho skal mellom anna spela Mendelsohn og Barholdy. På Facebook les vi at byen ventar på kantoren sin og at mange vil høyra og oppleva Eva Megyesi.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kantorane Pavel Cabala og Eva Megyesi.